

FAKTA OM

Lokalmat – drikkevatt frå eiga vasskjelde

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Når du driv næringsmiddelverksemd og har eiga vasskjelde er du ein vassverkeigar. Du er ansvarleg for at det vatnet du bruker og/eller serverer er trygt. Krava finn du i Drikkevassforskrifta, som kom ny i 2017.

Registrering

Du må registrere vassforsyninga hos Mattilsynet. Informasjon og registreringsskjema finn du ved å søke på "små vannforsynings-system" på mattilsynet.no.

Krav til vassforsyning

Det er viktig å ha ei god vasskjelde som er sikra mot forureining. Vatnet skal som regel desinfiserast før bruk, sjå meir under «Hygieniske barrierar». Du må utarbeide internkontroll for drifta av vassverket, og du må jamleg ta prøver for å dokumentere at vatnet er helsemessig trygt.

Dette er viktige punkt å passe på når du har eiga vasskjelde:

Dette arket må du lese i samanheng med dei andre faktaarka om lokalmat: oppstart av verksemd, krav i regelverket, registrering og godkjenning, skjematene, prøvetaking, og evt. arka om kjøtt, mjølk, innlandsfisk og egg/honning. På www.mattilsynet.no/lokalmat finn du arka med aktive lenker som viser deg vidare til regelverk og annan informasjon.



Foto: Frank Sivertsvik/NGU

Sikring av brønn

Brønntoppen må vere tilstrekkeleg over bakkenivå og vi tilrår minimum 40 cm over bakken. Det er viktig med god drenering rundt brønnen for å hindre innsig av overflatevatn. For å unngå forureining og å hindre små- gnagarar og andre dyr frå å kome inn i brønnen, må han vere tett. Lokket bør ha lås. Brønntoppen på ein borebrønn bør du sikre med brønnhus eller kum.

For borebrønn bør du ha brønnskjema frå boringsfirmaet. I brønnskjemaet skal det stå informasjon om korleis brønnen er utforma, til dømes lengde av foringsrør, kor djup brønnen er og kor vassinnslaga kommer inn nede i brønnen (meter ned).

Tilsigsområde

Du må sikre deg at det ikkje er fare for tilsig frå forureiningskjelder. Eksempel på dette er kloakk frå eige hus, nabohus eller hytter, avrenning frå jordbruk, oljelekkasje frå jordbruksmaskiner, avføring frå beitedyr eller ville dyr. Ofte er det nødvendig å gjerde inn brønnområdet. Du må ha rutine for tilsyn med tilsigsområdet, t.d. ut til 100-200 meter frå brønnen.

Hygieniske barrierar

Drikkevassforskrifta har krav om at vern av vasskjelda og behandling av vatnet, til saman skal gi tilstrekkelege hygieniske barrierar. Dei hygieniske barrierane skal hindre at drikkevattet inneheld smittestoff eller kjemiske

stoff i slike mengder at vatnet kan vere ein risiko for helsa. Vanlegvis er det godt nok med god kvalitet på råvatnet (vatnet rett frå vasskjelda) og desinfeksjon. Det er vanleg å desinfisere ved hjelp av UV-lys i små vassforsyningssystem.

I enkelte tilfelle der det er ein godt sikra grunnvassbrønn og vassprøver tatt over tid syner god kvalitet, er det kanskje ikkje behov for å desinfisere vatnet. Dette må du finne ut i samråd med Mattilsynet. I små verksemdar med lite omfang, t.d. rømmeproduksjon på seter, kan du finne enklare løysingar for å sikre trygt vatn. Koking av vatnet kan vere ei løysing i slike høve. Dette må og vere i samråd med Mattilsynet.

Vassbehandling/ UV-desinfeksjon

Før innkjøp av eit UV-anlegg er det viktig å ta prøve av råvatnet (vatnet frå brønnen) for å få eit anlegg som er tilpassa og dimensjonert for ditt bruk/ditt vatn. Det er viktig å undersøkje UV-transmisjon, fargetal og turbiditet. Avhengig av grunnforhold kan andre undersøkingar (parametrar) og vere aktuelle.

Spør leverandøren av UV-anlegget om eit kapasitetsdiagram for å få informasjon om kor stor vassmengde anlegget kan behandle ved ulike verdier for UV-transmisjon. I internkontrollen må du ha system for kontroll av UV-anlegget som t.d. reingjering av kvartsglas, skifte av lamper, reingjering og kalibrering av UV-sensor og kontroll med varselampar.

Leidningsnett

Du bør vite kvar vassleidningane er og det kan vere nyttig å teikne dei inn på eit kart. Du bør også vite kva materiale vassleidningane er laga av. Avhengig av vasskvaliteten kan det frå tid til anna vere behov for reingjering av vassleidningane, og du bør derfor ha tenkt gjennom korleis det skal skje. Ved sesongdrift må du ha rutinar for opning og stenging.

Internkontroll

Du skal ha internkontroll for å sikre trygt vatn og for å dokumentere at du følgjer krava i drikkevassforskrifta. Internkontrollen skal bygge på kartlegging og handtering av farar, og vere tilpassa vassverket. Det betyr at du må kjenne heile vassforsyningssystemet godt, som t.d. vasskjelda med tilsigsområdet, inntaket, brønnen, UV-anlegget.



Foto: Frank Sivertsvik NGU

Du må ha kompetanse og oversikt over kva punkt du spesielt må passe på så vatnet ikkje vert helseskadeleg eller borte. Til dømes kan overflatevatn kome inn i brønnen under snøsmelting eller ved store mengder nedbør, lauv kan tette inntaket om hausten, og i tørre periodar kan brønnen gje for lite vatn. Du må vurdere kva driftsrutinar som er nødvendige for å sikre trygt og nok vatn. Internkontrollen for vassforsyninga kan vere ein del av internkontrollen for matproduksjonen.

Prøvetaking

For å dokumentere at vatnet er trygt må du ta nokre prøver i driftsperioden og før sesongstart. Kor ofte og kva slags analysar er avhengig av storleiken på vassverket, type kjelde, vassbehandling og kva for drift det

er i verksemda. I vedlegga til drikkevassforskrifta står kvalitetskrava.

Du må vurdere kva som er aktuelt for di vassforsyning og setje opp ein skriftleg plan for prøvetaking. Du kan ta kontakt med det lokale Mattilsynet for rettleiing. Det laboratoriet du bruker kan kanskje også hjelpe til med å sette opp prøvetakingsplanen. Prøveresultata må du vurdere opp mot krava i regelverket og også sjå på utvikling opp mot tidlegare resultat.

Beredskap – plan for kva du gjer når krise oppstår

Du må ha tenkt gjennom og lagt ein plan for kva du vil gjere

- dersom det plutselig ikkje er vatn eller for lite vatn
- dersom vatnet ikkje er brukande på grunn av forureining

Skal du stenge verksemda? Skal du få køyrd vatn til brønnen? Skal du kjøpe/hente vatn frå godkjent vassverk til serveringsverksemda?

Varsling ved overskriding av grenseverdier og tiltaks-grenser

Det er krav om at du varslar Mattilsynet ved overskridingar som kan føre til helsefare. Det gjeld grenseverdier i vedlegg 1 eller tiltaksgrenser i vedlegg 2 i drikkevassforskrifta. Du er sjølvlagt ansvarleg for å finne årsak og gjere tiltak for å hindre at dette skjer fleire gonger.

Dersom du leverer vatn til andre t.d. til utleigehytter, må du også varsle desse.

Les meir om temaet

På mattilsynet.no under tema vann og på grunnvann.inorge.no under brønnboring kan du lese meir om temaet.